

23.12.96 09


948.42  
50

# TIDSSKRIFT FOR SUNNMØRE HISTORIELAG 1996

UTGJEVARAR:  
Sunnmøre Historielag  
Sunnmøre Museum og Alesunds Museum

SKRIFTSTYRET:  
Jarle Sulebust (redaktør)  
Ragnar Standal, Ivar G. Braaten og Edvard Molvær

NLEK 100940549705



NRK  
BIBLIOTEKET

1996

19752


## Litteratur og kjelder:

Støylen, Kaare: Claus Frimann - almuens sanger. Bergen 1955.

Vanberg, Førde, Lofnes: Claus Frimann. Kjeldearkivet, Høgskulen i Volda.

Aarflot, Maurits: Sivert Aarflot. Volda 1951.

Claus Frimanns rekneskapsbok 1806 -



*Silhuettklipp var vanleg kring 1800, og her har einkvan prøvd seg på diktarpresten.*

## Ivar Aasen, “det norske” og “det europeiske”

av Arne Apelseth, J. Peter Burgess og Odd Monsson

### 1. Nynorsken sitt janusandlet

Det er velkjent at nasjonalromantikken stod sterkt i Noreg i 1830-åra, då Ivar Aasen lanserte sitt språkprosjekt. Det kan rimeleg greitt påvisast at slikt tankegods både påverka Aasens idé og opna dei dører som trong op-nast så han kunne arbeide som språkforskar på 1800-talet. Både den vit-skaplege og den meir allmenne interessa for norsk språk og historie var i jann vekst frå ca. 1750 (Hagland 1994). Slike emne fekk ein auka poli-tisk aktualitet i Noreg etter 1814 (Skjæveland 1996). Mønsteret er òg vel- kjent: Over det meste av Europa vart statleg suverenitet markert gjennom nasjonalkulturell sjølvheving, og språket (og historia) var ein nœrlig- gjande nasjonsmarkør.

Mindre kjent er nynorskens føresetnad i og samordning med moderne- ringa av Noreg, ein delprosess av den moderniseringa som femna store delar av Europa mellom 1500 og 1900. Det var i Ivar Aasens samtid og noere fortid at større delar av det europeiske folket vart integrerte i bok- og skriftkulturen, eitt av dei viktigaste skilja mellom før-moderne og (tid- leg-) moderne samfunn. Det er såleis rimeleg og relevant å knyte Aasens språkprosjekt, ikkje berre til den språkhistoriske slektskapen med gam- malnorsk, men til moderniserande faktorar som morsmålsopplœring, fol- keopplysning og effektivisering av kommunikasjon.

Eidsvoll-forsamlinga i 1814 hadde proklamert både statleg suverenitet og nasjonal-kulturelt sjølvstende gjennom tidas mest liberale og politisk integrerande grunnlov. Tida etter 1814 kan likevel samanfattaast i: “Har norsk stat - manglar norsk kultur!” Åra etter at landet var skilt frå Danmark, og hadde fått ei eiga grunnlov og eigne politiske styringsorgan, men framleis hang fast i eit unionsforhold til Sverige, var særmerkt på fleire vis. Det ytre, formelle rammeverket for ein norsk stat var etablert, men nokon nasjonalstat i moderne tyding kan ein ikkje seie at Noreg var. Den identitetsskapande sammennaren var ikkje på plass. Forestillingane om “det norske” i åra etter unionsoppløysinga viser rådlyse. Det norske var ingen kunnskapsmessig storleik alle visste tydinga av i 1814. Landet

var ein "statsnasjon", men ingen "kulturnasjon". Men denne kunnskaps-mangelen om det spesifikt norske leidde til erkjening av at ein sakna autentisitet i det som skulle vere ein stat med kulturelt særpreg. Det var vel helst elitiens problem.

For den som vil vere politisk integrert i eit moderne samfunn er språk-meisting i tydinga å meistre skriftspråk (eller talt skriftspråk) og skrift-kultur (bokkultur) uomgengelige faktorar som må overkomast. Men meideigarskap og individuell deltaking i skriftkulturen føreset at språkkon-Meistringsterskelen vart opplevd som høg, for språkkonvensjonane tvinga fram knot, kommunikasjonsvanskar og togn. I eit samfunn som då gjorde sine første røymsler med utvida demokrati og politisk deltaking, var dette ei alvorleg hindring. Eitt var at språket var dansk. Truleg er det rettare å kalle det akademisk københavnsk, om ein tek omsyn til kva ord og uttrykk lesaren møtte i tekstane. Vel så problematisk som eit framand-vore og lærd ordforråd var tugs måla om låtteleggjering og utestenging av den eller dei som ikkje meistra koden. Det offentlege skuletilbodet først på 1800-talet var ikkje godt nok til å motverke slikt. Det var i alle fall eit problem for allmugen.

Aasens utgreiing i "Om vort Skriftsprog" frå 1836 er ei erkjening av at begge problema måtte få ei løysing.

## 2. 1814 og "det norske huset".

Trass i dei stortenkte idéane frå 1814 var stoda i Noreg labil på dei fleste felt, ja, kanskje det er rettast å tale om ein samanhengande krisetilstand fram til 1830-åra. Karaktertrekk ved perioden var økonomisk krise (infla-sjon, eksportnedgang), tilliskrise, skepsis til styreform, motsetnader mellom konge og storting, mellom sosiale lag og mellom kulturelle kate-goriar, fråverande eller uklår nasjonal identitet og få samlande tradisjo-nar. Det var særleg dei tre siste elementa Aasen greip fatt i då han ut-meisla programskriftet for målreisinga.

Om vi skal forstå Aasens initiativ og prosjekt, brev det at vi søker å for-stå både han og samtida på sine egne premisser og ikkje utfrå korleis stoda seinare utvikla seg seinare i hundreåret - eller for den saks skuld i hundreåra før. Tilvande forestillingar har det med å prege oppfatninga av andre historiske epokar. Det ein har så lett for å gløyme er at nettopp uni-

onsida, særleg dei siste 50-75 åra, var ei norsk oppdagings- og identi-tetsdanningsstid. Truleg den viktigaste, i og med at ein då, for første gong, fekk dokumentasjon på kva Noreg og det norske omfatta. Patriotisk syn-sing og skryt hadde funnest før, men frå om lag midt på 1700-talet opp-står Noreg og "det norske" som vitenskapleg emne.

### 2.1 Det vitenskapleg norske

Den oppdagande aktiviteten retta seg mot mange sider ved "det norske", og det er eit gjennomgåande trekk at vitenskaplege forfatarar frå andre del av 1700-talet, som t.d. Hans Strøm (1726-1797) her på Sunnmøre, gjekk av vesentleg grundigare til verks i sine arbeid enn det forgjengarar som Ludvig Holberg (1684-1754) og Erik Pontoppidan (1698-1764) hadde gjort. Den nye grundigheita galdt både metode og framstillingssjøl og stilistiske forhold. Andre klassifikasjonsprinsipp, empirisk arbeidsmåte og organiserte systematikar vart tekne i bruk på det jomfrulege studi-efeltet Noreg, og det kom for dagen eit mangfald og eit særpreg som my-kje godt var ukjent.

Med vitenskapleg tilnærming til ulikskap kom det òg ny forståing av lik-skap og fellestrekk. Kvar varietet - mineral, insekt, vekstar, dialektar, ja, til og med bønder, måtte organiserast og systematiserast, og sammenma-ren var landskapet. Funnar kunne sjåast som del av abstraksjonen Noreg, ein analogi til den modellen den svenske botanikaren Carl von Linné hadde sett opp for plantane i Systema Naturae (1735). Hans Strøm mar-kerer lokaliteten (Noreg og det norske) i mange verkittlar slikt. Her er no-kre dømme frå Strøms skrifter frå 1778 til 1788:

- Nyten og Fornødenheden af Naturens Kundskab, for alle i Alminde-lighed, og for Geistligheden især, fornemmelig i Norge (1778),
- Om det Norske Minerale kaldet Haknætte (1779),
- Norske Insecters Beskrivelse. Tredie Stykke (1781),
- En norsk mathematisk Bonde (Heinrich Ellingsen Løndahl) (1783),
- Om Skoleerne, i sær paa Landet i Norge (1786),
- Om norske Fabrikker (1787),
- Om en nu levende norsk mekanisk Bonde (Hans Henriksen Toen) (1787)
- Fortegnelse over endel Norske Væxter, især Cryptogamister, som et Tilleg til Gunneri Flora Norvegica. Første Stykke (1788). (Apelseth 1995:98ff.)

Gjennom arbeida til Hans Strøm og fleire liknande opplysningsforfattarar vart Noreg og det norske gradvis til ein konkret og identifiserbar storleik. Denne prosessen fortsette også på 1800-talet, for det var mykje som stod att. Ivar Aasen var mellom dei som hengde seg på. Hans (empiriske) arbeid med å kjøte det språkleg norske kan vere beinvegges påverka av Carl von Linné, i og med at Aasen hadde klassifisert plantar etter Linnés system. Her hadde han personlege røynslar som kunne telje med. Derimot synest den vitenskaplege basisen for språksynet hans å stå i gjeld til opplysningstidas forestilling om "dei medfødde idéane" og "det naturlege" - at språkets form utgår frå menneskets scereigne individualitet. Vi finn òg trekk som minner om Immanuel Kants filosofi om "det aprioriske". Kants tese er at det finst ein røyndom som går framfor (preceeds) erfaringa, og som difor står utanfor den vi har tilgang til, men som vår kjende røyndom er forma eller påverka av. Ivar Aasen har ei liknande todelt oppfatning når det gjeld dialektane (som vi har direkte tilgang til) og språkssystemet (som vi ikkje har direkte tilgang til).

## 2.2 Det politisk-juridisk norske

Dei kulturpolitiske argumenta til Aasen, slik han utmeisla dei i "Om vort Skriftsprog" frå 1836, må seiast å ha vore særst aktuelle når ein vurderer dei i høve til den stoda landet stod oppe i. Aasens framlegg til nytt skriftspråk er ikkje berre eit filologisk program. Det er det òg, men det er meir enn det. Skriftet er ei omfattande og gjennomført samantenking av forholdet stat - kultur. Nemninga språkleg-kulturelt nasjonsbyggingsprogram dekkjer formålet. Av formuleringane ser vi at det er intimt forbunde med opprettinga av den norske staten, og det er samstundes eit svar på dei mest innlysande manglane ved han. Opningsseskvensen er klassisk samlande, slik det skulle vere i ei brytingsstid: "Efterat vort Fædreneland atter er blevet hvad det engang var, nemlig frit og selvstændigt, maa det være os magtpaaliggende at bruge et selvstændigt og nationalt Sprog, eftersom dette er en Nations formest Kjendemerke". Til dette er å seie følgjande: Hadde denne sekvensen vorte ståande isolert eller saman med fleire argument av same slag, hadde "Om vort Skriftsprog" vore eit temmeleg nasjonalistisk språkprogram. Det var det ikkje, og grunnen ligg i oppfølginga, i formuleringar som desse: "Vi ønske os just et Folkesprog, et som enhver Landsmand uden Møie kan tage Deel i; vor Statsforfatning berettiger os til dette Ønske". Dette er sosiale og statsborgarlege omsyn kopla til nasjonale interesser, og dei er grunnleggjende med tilvising til fol-

kesuvereniteten og grunnlova. Ivar Aasens haldningar til forholdet stat - nasjon - språk endra seg ikkje vesentleg mellom 1836 og 1896, men vektlegginga vart noko annleis etter som tida gjekk.

Eit perspektiv på eksistensgrunnlaget for den norske staten, grunnlovsparagrafane, viser kva språkleg-politiske koplingar som fanst før Aasens tid. Problema med å vere språkleg norsk i den nyskipa staten starta alt i 1814. Både 17.mai-grunnlova og 4.november-grunnlova har paragrafar som koplar norsk språk og norsk stat. Ja, norsk språk og norsk språkmeistring er inngangsportalen til fullverdig deltaking i den nye staten. Det galdt både for borgar og konge:

"Til Embeder i Staten maa allene udnevnes de norske Borgere, som bekjende sig til den evangelisk-lutherske Religion, have svoret Constitutionen og Kongen Troskab, og tale Landets Sprog" (17.mai-grunnlovas § 93).


4.november-grunnlova følgjer opp:

"Alle Forestillinger om norske Sager, saavel som de Expeditioner, som derav skee, forfattes i det norske Sprog" (§ 33); "Det bør være en ufravigelig Regel, at den umyndige Konge gives tilstrækkelig Oplysning i det norske Sprog" (§ 47); "Alle Love udfærdiges i det norske Sprog" (§ 81).

Språkparagrafane i grunnlova kan oppfattast som det Jørgen Faheer i si retorikkhistorie kallar "der nationalstolte Topos" (Faheer 1991:282). I 1814 vart det nasjonalstolte omforma til juridisk-eksistensielt grunnlag for ein norsk stat.

## 3. Aasens retoriske skrustikke

I 1830-åra var ikkje Ivar Aasen noko naivt naturbarn frå ein norsk avkrok. Heller bør vi sjå han som eit kunnskapsrikt og danna menneske. Trass i bakgrunnen hadde han både retoriske og vitenskaplege innsikter, slik den akademiske eliten hadde, og han visste i tillegg å nytte det bondeske opphavet og det kulturelle periferiperspektivet til sin og nynorskens fordel. Aasens tenking var frå første stund både original og tradisjonsmedviten. "Om vort Skriftsprog" viser det på overtydande vis. Aasens politiske og språkvitenskaplege originalitet vert grundig drøfta i del 4 og



del 5. Her skal det gjerast ein liten sveip over tradisjonsgrunnlaget, Aasens forankring i den dansk-norske retorikktradisjonen.

“Om vort Skriftsprog” er ei rasjonalistisk framstilling av eit alvorleg tema, og det er stramt i forma. Det fendelte oppsettet (exordium, narratio, partitio, confirmatio og conclusio) er eksemplarisk utført etter mønster frå retorikken. Det same er den logiske argumentasjonen. Aasens framstilling av språksaka følgjer den vanlege syntetiske metoden, der “det som skal bevises, aabenlyrtigen fremsettes, og understøttes med det ene Beviis efter det andet, indtil man troer den formødne Overbeviisning frembragt” (Rosted 1824:141). Retorikktradisjonen kjende han frå opplæringsåra hos prost Thoresen i Herøy. Der hadde han nettopp Jacob Rosted: Forsøg til en Rhetorik (1810/1824) som lærebok.

Jacob Rosteds verk tilhøyrt den nasjonalretoriske tradisjonen i Danmark-Noreg. Læreboka samanfatar på mange måtar hovudtendensen for skriftkulturen i Europa - frå den italienske renessansen og fram til den nord-europeiske romanikken. Ho har ei klassisk innretning, i og med at emnet er retorikk, men ho er meir

enn det. Boka byggjer på latinsk stilgrunnlag, men føreset for det første at nasjonalspråket dansk finst, for det andre at det finst ei patriotisk interesse for dansk morsmålsdyrking og for det tredje at omlegginga frå munneleg til skriftleg retorikk er gjennomført. Derimot er ho heilt framand for nasjonalromanikkens språklege genestetikk.

Læreboka hans står, saman med Knud Lyhne Rahbek: Om den danske Stil (1802), som pedagogisk sluttsekvens i den patriotisk-politiske oppvurderinga av dansk. Oppgraderinga av dansk som bruksspråk skjedd i høve til klassiske språk (hebraisk, latin og gresk), og ikkje minst til andre nasjonalspråk i Europa (særleg tysk og fransk). Starten på denne utviklinga finn vi på 1600-talet, m.a. i Rasmus Bartholins agitasjonsskrift *De Studio Lingvæ Danicæ* (“Tale om det Danske Sprog” 1657). Bartholins argument for bruk og dyrking av dansk i Danmark må seias å likne på Aasens argumentasjon for norsk i Noreg i “Om vort Skriftsprog”:

“I har loert, at Sprogens Nytte er meget stor, og at især det Hebraiske af udmærkede Mænd heves til Skyerne. Men mon man ikke maatte anse Eder for ubillige [dvs. vere urimelege] mod det greske Sprog, hvis I uden at der gaves nogen Leilighed til at fremhøve dets Fortrin - mente, at Studiet af dette Sprog burde forsmættes. Ogsaa Latin har ved forskellige tvingende Grunde vundet alle for sig, ja, vi er ganske enige om at holde paa, at man ogsaa bør lære Tysk, Fransk, Engelsk, Italiensk og Spansk, - og dog vilde I være uretfærdige mod Eders Fædreland, hvis I ikke forbeholdt Eder Ret til at dyrke Eders eget Modersmaal grundigt. Derfor har jeg under Overvejelsen af, hvad der tjener til Statens Lykke, ment, at intet vilde stemme bedre med Folkets Tænkemaade og Tidsforholdene end at opmuntre de Uнге til at lægge sig efter Modersmaalet for at vi selv, da der er talt tilstrækkeligt og tid nok om de fremmede Sprogs Fortrin, ikke skal have for ringe Tanker om vort eget (...) mit Ønske er, at Latin, Græsk og Hebraisk og de andre Sprog skal have deres Værd, naar vi efter moden Overvejelse gør os Modersmalets Nødvendighed klar og ikke modsetter os Dyrkelsen af det” (Henrik Bertelsen (udg.): *Danske Grammatikere*, bd. 6, 2. udgave, København 1979:35f.).

Mellom Bartholin og Rosted finn vi den danske nasjonalrenessansen utbroddert i ei rad agitasjonsskrifter, grammatikkar, ordbøker og retorikkar. På vel 150 år vart faktisk dansk eit kulturspråk som var brukande på alle livsområde. Spørsmålet om eit norsk språk i ein norsk stat etter 1814 had-

*Hovudbygninga på Solnør. Ludvig Daae kjøpte garden Solnør i 1820. Same året gifta han seg med Barbara Henrikke Wind. Dei sette husa i stand, og Solnør vart no ein samlingsstad på Summøre. Ludvig og Barbara Henrikke fekk seks born, mellom dei den seinare oldestingspresidenten Ludvig L. Daae. Til desse borna var det Aasen vart henta inn som huslærer i 1835. Aasen var på Solnør til 1842. Her skreiv han i 1836, 22 år gamal, “Om vort Skriftsprog” som av ettertida vert rekna som sjølv programfåsegna for målreisingsarbeidet hans. (foto: Bygdebok for Skodje.)*

de denne tradisjonen som lærdomshistorisk føresetnad, sjølv om altså romantikken hadde kome inn og skipla den kulturelle verdiskalaen.

Den stat-språk-koplinga Ivar Aasen har mellom det horisontale planet (nasjonsbygging og nasjonal harmonisering) og det vertikale (borgarleg delaktarrett og kulturelt likevered for allmugen) i "Om vort Skriftsprog", førte likevel inn nokre nye premissar for det nynorske skriftspråket. Mensteret i Europa likna det som finst i svensk og dansk skriftspråk, at ein knesette og normerte eit "bildat talspråk" og "dannet dagligtale" frå hovudstaden som nasjonalspråk. Det går fram at Aasen meiner grunnlova var eit tidsskilje. Den sentrumsbaserte eliten åtte ikkje lenger eit eksklusivt grep om språk og kultur. Han nyttar ordval som klargjer at han er medviten om retten til allmennkulturell interesseheving og politisk medverknad som følgjer av folkesuverenietssprinsippet i grunnlova, men òg at det er allmugen i Noreg som er berarar av norsk språk.

Aasens argumentasjon i dette stykket kan innpassast i seks båsar. Kvar for seg viser dei korleis han spelar opp mot historiske forhold, men òg tendensar i tida. Ja, han beint fram føreset dei som utgangspunkt for å reise eit nytt skriftspråk. Med det er det også sagt at Aasen greip fatt i dei moderne trekka ved samfunnsendinga.

#### 1) Statsborgarlege fridomar.

Til desse reknar ein fri opinionsdanning (herredømme fri kommunikasjon), høve til offentleg debatt og resonnement for alle samfunnslag. Den dansk-norske prente- og skrivefridomen frå 1770 vart knesett som norsk lov i 1814, medan han i Danmark var knebta til 1834. Dessutan må dei borgarlege ideala frå den franske revolusjonen takast omsyn til. Dei slo inn over heile Europa - også Noreg - sist på 1700-talet og tidleg på 1800-talet.

#### 2) Patriotisk allmennytte.

Med framveksten av det ikkje-latinkunnige borgarskapet som sterk sosial og politisk kategori vart språkoppfatninga endra. Borgarleg kulturoppfatning i Danmark vart uttrykt gjennom ein dansk patriotisme med brodd mot det tyske, og språket vart ein markør for "danskheden". Gjennom 1700-talet var folkemålet dansk i sterk veks, og det fekk utvida verkefettet sitt kraftig. Mot slutten av hundreåret kunne mest alle emne, som før hadde høyrte innunder latinområdet, omtalast i dansk språk. Folkespråket

dansk sin praktiske og pedagogiske nytteverdi fekk ein voldsom framskuv med innføringa av ei "allmennting, formuiftig og dydig" normalsoppløring i Danmark-Noreg i 1770-åra.

#### 3) Nasjonal mangel.

Noreg etter 1814 kunne ikkje utan vidare overta dansk språkpatiotisme. Nasjonalismen var i ferd med å overta patriotismens plass, og av det følgde ei enda sterkare markering av at ein suveren stat og måtte ha eit suverent språk. Språkkrava i grunnlova ville både stengje ute svensk embetsstand og markere krav om respekt for norske interesser. Men omdøypinga av språket var nok ikkje like gjennomtenkt i alle delar, for ho grunnla seg på ei naiv tru på at staten Noreg hadde like stor rett til dansk språk som Danmark sjølv. Danske protestar mot namnebyttet kom heller fort. Både filologen Rasmus Rask og N.F.S. Grundtvig påtala "språktjuveriet" i harde ordelag. Aasens tilbod om språkleg nasjonsbyggingssprogram passa difor som hand i hanske til den stoda Noreg stod opp i.

#### 4) Internasjonal jarnføring.

Det var også ein historisk komponent i dette. Renessansen (Dante) og reformasjonen (Luther) fekk sterk innverknad på korleis ein tenkte om språk. Med sterke statsdanningar vart språk og språkrett omgjort frå eit pavekyrkjeleg til både eit statskyrkjeleg og meir sekulært filologisk interessefelt. Gjennom staten vart språk politisert som statsmarkør, og med det tok den europeiske nasjonalspråksutviklinga til. Slik oppstod t.d. svensk og dansk.

#### 5) Kvalitative kriterium.

Det norske språket var det kategorien nordmenn hadde som historisk fellesgods, men Aasens prinsipp med å forme eit skriftspråk på bakgrunn av mange dialektar, i staden for å skriftfeste berre ei talemålsform, var ein ny måte å tilføre språket ein historisk legitimitet. Her kombinerte han universalismens språksyn om at kvar dialekt eksemplifiserte eit (underliggende og abstrakt) språk og historismens forestilling om eit opphavsspråk som var forgreina. I tillegg kom omsynet til folkets - statsborgaranes - språklege medeigarskap.

#### 6) Demokratiske synsniår.

Det som først og fremst skil Aasens konkrete språkplanlegging frå nor-

meringa av svensk og dansk er dei innbakte demokratiske omsyna. Dette skil på avgjerande vis språkenkinga på 1800-talet frå tilsvarande på 1600- og 1700-talet. Dei gamle einvaldsstatane var sentralistisk oppbygde. Der hadde monarkane sterkt støtte, og det var der embetsverk og forvaltning vart utbygd. Det vart difor frå statens sentrum at normene for god og dårleg språkbruk gjekk ut. Normspørsmåla vart avgjorde der makta var - i rikets sentrum. For Aasen var det på ingen måte gitt at dette skulle kopierast i Noreg etter 1814.

#### 4. Språk, nasjon og kultur frå renessansen til romantikken

Det rådande idéhistoriske paradigmet for å forklare folkemålet politiske legitimitet og framvekst er dei massive omveltingane som prega europeisk skriftkultur i tida 1300-1500. Humanismens framvekst ved utgangen av mellomalderen flytte det åndelege sentrum i Europa. Rørsla gjekk frå den katolske kyrkja sitt institusjonaliserte hegemoni og over mot individet, og opna for mogeleg individuell intellektualitet og moralsk autonomi (myndigheit). Renaissance er i den forstand opphavet til moderne skriftkultur. Under renessansen oppstod spørsmålet om folkemål som eit spørsmål om nasjon, og det galdt i alle deler av Europa. Engelsk, fransk, baskisk, tysk, hollandsk - og ikkje minst italiensk - oppstod som følgjer av politisk-kulturelle krav på intellektuell sjølvråderett. Dantes *De vulgari eloquentia* fastslo folkemålet politiske, kulturelle og moralske legitimitet overfor latin. Dette språksynet utgjorde eit paradigme som galdt fram til 1800-tallet, og det galdt med andre ord også for det norske vitenskaplege og kulturpolitiske universet på den tida.

##### 4.1 Eit universelt grunnlag for lingvistisk forståing

I sein-ressansens forsøkte både den italienske filosofen Vico og dei franske grammatikarane knytte til utdanningsinstitusjonen Port Royal å utvikle tanken om eit universelt grunnlag for lingvistisk forståing. Forestillinga om språk som allmenn kode, tilgjengeleg til alle, og eit kognitivt grunnlag for menneskeleg eksistens er det fyrste elementet i ei forståing av språk som dynamisk integrasjon av mangfold og partikularitet. 1700-talets individualitetsoppfating kviler på eit slikt grunnlag: eit individ er eit individ, ikkje i og for seg sjølv, men fordi det er del av eit mangfold.

På liknande måte medfører Luthers religionspolitiske arbeid ei revolusjonerande endring i oppfatninga av konstellasjonen språk-nasjon-individ. Denne revolusjonen fungerer på to nivå. På det antropologiske planet medfører hans bibeltolkning og omsetjingsarbeid eit skifte i autoritetstilhøva mellom mennesket og kyrkje. Føresetnad for dette arbeidet er ei oppfating av mennesket som faktisk (ontologisk) sjølvstendig. Den bibelske skrifta talar direkte og med autoritet til det enskilde mennesket. Ho føreset mennesket sitt sjølvstende og avviser menneskesyn som situerer individet i eit ufritt tilhøve til ein essens-gjevande Gud. Når det gjeld denne allmenne forståinga av religiøse tekstar innfører Luther idéen om eit samspel mellom individet si oppleving av teksten (partikulariteten) og den allmenne sanninga som forståinga sitt grunnlag (universaliteten) som grunnlag for all tekstforståing. Idéen om teksten sin universalitet følgjer av hans monoteologiske innstilling. Sanninga er i og for seg einskapleg. Kva sanningas innhald er vert organisert av forstångas erkjenningssesige (epistemologiske) eigenskapar. Samstundes avheng forståinga av den som freistar å forstå. Akkurat som det som vert forstått (det universelle) må vere einskapleg, føreset individuell forståing individualiteten til den som forstå. Einkvar tekst må til slutt forståast av eit individ. Allmenn sanning, til og med Guds ord, har ikkje noko gyldigheit utan at kvart enskild individ vert med. Men, på den andre sida, for å vere individuell må individet motsetje seg andre individ. Med andre ord, individet opplever teksten som allmenn ut ifrå si eiga røynsle. Teksten er forståleg berre dersom eg forstå han som min eigen.

##### 4.2 Polyhistorismen i renessansen

I tillegg til eit nytt menneskesyn gjer eit nytt lingvistisk syn seg gjeldande: proto-historismen i lingvistikk under renessansen. Latindominansen andsynes europeiske folkemål henta legitimitet frå hegemonisk makt. Heile middelhavsområdet var i si tid dominert av eitt imperium, og det var eit imperium tuffa på språkfelleskap. Denne typen politisk makt kontrollerer ei enormt sterk marginaliseringskraft. Latin vart eit universalspråk, liksom andre romerske institusjonar, nettopp fordi Romas politiske makt var universell. Ein framstiller gjerne det universelle som tid-og-romlaust: latin har alltid - og overalt - vore. Fordi det ikkje er mogeleg å abstrahere plass, tid og språk, vert språkleg universalitet til a-historiske og a-geografiske fenomen. Dette har langtidsverknader, men vi må òg vere medvitne om at også motsatsen, regionalismens vektlegging av geo-

grafisk partikularitet, føreset eit omgrep om universalitet. I dag kan ein sjå den kulturelle fellesskapen Noreg (Noreg-regionalismen) som eit kraftfullt mot-eksempel til tidlegare tiders universalisme. 1700-talets norske åndsliv hadde vel knapt denne dimensjonen inne, men i Sverige fanst han. Eit tidleg steg var representert ved Stenhielm og Ihre først på 1600- og 1700-tallet. Dei motsette seg universalismens a- historiske språkbilete ved å postulere eit enkelt opphavsspråk til svensk. Språkleg utvikling vart sett inn i ei kognitiv førestilling om språkleg linearitet. Eit slik bilete er klart organisk: det oppfatar språk som eit naturleg fenomen og menneskeleg bruk av språk som ei vidareføring av menneskets natur. Språkets historiske utvikling og menneskets historiske sjølvforståing høyrer til ei og same eining. Ein finn førestillinga både i 1800-tals-historismen og i 1800-talets språktenkning i Europa.

#### 4.3 *Språk og politisk modernitet*

Det er ikkje tvil om at Aasens målreising fyrst og fremst var eit politisk prosjekt. Men ein må nysansere "det politiske" fordi det fungerer på to plan.

(1) På det konkrete, praktiske plan er språk ei politisk problemstilling. Det er ei institusjonell problemstilling som omfattar reiskapar som vett stille til bruk for individ og fellesskap og for å nå politiske mål innanfor ei statleg ramme, t.d. i samband med gjevne retningslinjer, grenser og lover. Makta som høyrar til offentlegeheita kjem med naudsyn òg til uttrykk. Makt vett til anvend makt (byråkrati, legitimert voldsbruk) ved at offentlegeheitas røyndom vett til uttrykk. Maktas gjennomslag er avgrensa av tilgjengelege uttrycksformer. Aasen var ikkje åleine om å forstå språkvitenskapens politisk-ideologiske tyngde. Det er klart at Aasens målreising gjorde seg nytte av slike politiske reiskapar. Ein stor del av forfattarskapen hans er vigd offentlig-politisk debatt.

(2) På det reint språklege planet kan ein òg sjå på politiske og ideologiske dimensjonar som fylgjer av dei grunnleggjande opposisjonelle straumdragar som ligg nedfelte i kvar kommunikasjonsakt. Spenningar mellom omgrep og uttrykk, mellom signifikant og signifikat, mellom teiknets reint overførande funksjon og ideologiske funksjon er alle sentrale i den idémessige bakgrunnen for Aasens utgreingar om språk. Då målstriden vart politisert på eit offentlig eller politisk plan, skjedde det i

samband med kamp for legitimitet, og dette var ein legitimert nedfelt i ei rekke prinsipp overleverte frå europeisk opplysningstid. Omgrepfestinga av individets sjølvstendige essens (kjeerne) og moralske og politiske rettar var avgjerande for Aasens syn på språk, nasjon, framsteg, utvikling og historie, m.a.o. dei kategoriane som danner basis for heile Aasens prosjekt.

#### 4.4 *Naturlegheit som ideologi*

Det teoretiske "drivstoffet" bak framsteg etter opplysningstidas ideal, spesielt dei demokratiske, kom frå franske opplysningssosofar som Voltaire, Didrot, d'Alembert, Montesquieu o.a. Opplysningstidas prinsipp synt seg å vere umotsiålege. Som fylgje av napoleonstida (1792-1814) måtte mest alle europeiske land, og på svært ulike måtar, gå i intellektuell "nærkamp" med opplysningstida, men òg prinsippa som bak den franske revolusjonen og den politiske røyndomen som oppstod i revolusjonens spor. Denne politisk-filosofiske oppfatninga tiskriv mennesket ei rekke ukrenkjelege rettar. Desse må forståast som naturlege. Etter den franske revolusjonen kan ein ikkje lenger sjå på mennesket som eit tilfeldig fenomen, eit vesen som kan leve utan sanning og utan essens - med mindre at det gitt av Gud eller kongen. Mennesket eig ei naturleg, verdfull kjerne. Fylgjene av dette menneskesynet, når det gjeld språk, er at eit individ som råder over sin eigen natur vil òg vil kunne råde over eigen uttrycksform. Den beste språklege forma er nettopp den individet samstundes har eit medfødd krav på: den som er mest naturleg.

Slik vett naturlegheit til ein ideologi og eit stridsobjekt. Aasens språkpolitiske oppfatning føreset ein slik eintydig, opphavleg menneskelig natur. Individets naturlege sjølvstende og rettar vett sett på line med språkets naturlege essens. Ein oppfatar språk som eit naturleg fenomen med utgangspunkt i ein felles naturtilstand. Anerkjennar ein først menneskets indre natur, så føreset ein eit naturleg språk. Filosofar i Frankrike, Storbritannia og Tyskland arbeide med dette som utgangspunkt. I samband med fordjupa objektiv forståing av naturen og framsteg i naturvitenskapenes, vart individets prinsipielle sjølvråderett empirisk stadfesta. Språkforskarar tok for seg å etablere folkemålas (legitime) partikularitet, spesielt i forhold til det latinske språkets universalitet. Individet vart forstått prinsipielt, i samband med idékompleks, men òg i forhold til eigen prinsipielle individualitet og språkets partikularitet og naturlegheit.

#### 4.5 Omgrepet "nasjon"

Eit tyngdepunkt i Aasens polemikk for eit eige norsk skriftspråk er omgrepet "nasjon". I Aasens fyrste skrifter om målsaka er det eit spenningsfelt mellom ulike tydingar av kategorien "nordmenn". Som slike er dei innehavarar (berarar) av "det norske", men dei er òg medlemmer av den norske nasjonen. Dermed er dei òg delaktarar i den kulturpolitiske røyndomen som fylgjer det å leve sitt liv i eit sjølstendig land med utanlandsk (dansk) kulturhegemoni. Den norske nasjonen vert nektet kulturell eksistens (og sjølvrådet) fordi han ikkje disponerer ei språkleg uttrykksform som er i samsvar med hans indre vesen. Ein får norskdom utan norsk språk. Resonnementet tek utgangspunkt i at det er menneskeleg sjølv sagt at ein nasjon har krav på eit eige språk. Dermed tek Aasen i bruk en dobbellogikk, eit meir eller mindre direkte ekko frå ein kontinental idéhistorisk prosess. (1) "Nasjon" er det naturlege grunnlaget for menneskeleg kulturell og politisk felleskap og (2) "nasjonalitet" inneber eit krav på sjølvstyrte, og dermed krav om språkleg uttrykk på eigne premisar. Ifylgje dette synet vert nasjonalismen oppfatta som det prinsipielle grunnlaget for den moderne staten, men òg dei politiske institusjonane som støttar han. Nasjon og nasjon-stat vert forstått samla. Nasjonalismen vert dermed oppfatta som eit politisk fenomen med opphav i politisk modernitet. Nyare forskning på nasjonalisme og etnisitet har fokusert på fenomenet "nasjonalisme" som ei kulturelt avleidd fenomen. I staden for å krysse "nasjon" og "nasjonalisme" opp til eit bestemt historisk referanspunkt i samband med modernitetens framvekst, kan ein sjå dei som etnisk "betinget" og som symptom for djupare menneskeleg sjølvforståing.

#### 4.6 Språkleg modernitet, framsteg og historie

Omgrepet "modernitet" dreg med seg ei rekke ideologiske koplingar. Den mest konsekvenstyngde av dei er idéen om framsteg. Det er han dels på grunn av dei enorme forandringane som teknologisk utvikling driv fram, dels er han det på grunn av trua på menneskets unngåelige rasjonalisering. Offentleg liv fungerer på bakgrunn av ein lovnad om menneskeleg framsteg. Tidsflyten i seg sjølv vert ein garantist for positiv utvikling. Tidsforståinga inneber at betre tider vil kome.

Denne idéen pregar også Aasens syn på språkleg utvikling, historie, dannelse, folkeopplysning og, ikkje minst, kultur. Det naudsynte ved målreising må forståast som den naturlege vidareføring av eit folks kulturelle utvikling. I samsvar med Aasens syn på nasjon som ei etnisk grunnleg-

ven form for kollektiv sjølvforståing og historie som den lineære utviklinga av ei djupare opphavelig tyding (sjå nedenfor), vert språk oppfatta som utslag av ein naturleg prosess, ein prosess som har opphav djupt i folkets historiske vev. At det norske folket skulle få eit norsk språk vert utlagd som ei sjølvfylgje i samband med folkets naturleg framsteg og stilling i utfoldinga av historias unngåelige intelligibilitet. Ein slik naturlegheitsideologi som grunnlag for politiske tiltak var vanleg i det tankeuniverset som prega sein-renessansen i Storbritannia, t.d. hos Hobbes og Locke. Ho finst òg som del av opplysninga, m.a. i Frankrike hos Rousseau og Montesquieu. I den engelske politiske filosofi-tradisjonen, i arbeid som Hobbes' *Leviathan* (1651) og Lockes *To avhandlingar om regjering* (1680-83), finst idéen om at menneskenaturen, prega av vald og utryggleik, fører til samfunns- og statsdanning. Slike formasjonar vert der oppfatta som rasjonelle svar på ein naturleg trong som finst nedlagd i mennesket. Idéen om naturlegheit som rasjonalitet, og "naturtilstand" som ein slags opphavelig ethos, referanse og ideal kjem fram òg i Rousseaus *Den sosiale kontrakt* (1762) og *Essay om språkets opphav* (1760). På den same måten tek Montesquieu, i Lovas ånd (1748), "naturtilstanden" som mønster for ei ideal statsdanning. Denne bakgrunnen opnar for ei forståing av Aasens filosofiske syn, m.a. om mennesket og menneskets utvikling. Ein kan altså forstå menneskets naturlege opphav som grunnlag for det "naturlege" målet det har, samstundes som framstegsomgrepet i Aasens bruk oppfatar eit folks noverande målform som den mest naturlege. Aasen kan trygt plasserast i eit svært spent ideologisk felt. Berre frameterskodande kan ein ta fatt i eit folks mest naturleg utvikla språklege form, medan ein berre attoverskodande kan forstå folket i og for seg.

Tenkinga om historias eigentlege essens utvikla seg stort i løpet av 1800-tallet. Den herskande oppfatninga, historismen, stammar frå den tyske romantismen. Historismen gjeld ikkje berre historiografi eller historiskriting. Han er ei omfattande verdsoppfatning som innverkar på intellektuelt arbeid på dei fleste område. Han er ein sjølvforståingsmåte som voks fram i samband med humanioras framvekst. Ifylgje historismen forstå mennesket seg som eit vesen som vert til, eit vesen som ikkje er seg sjølv, men som vert det. Menneskeleg verkeend er radikalt sett utvikling. Ingenting er i og for seg sjølv. Mennesket har eit opphav og ein lagnad. Eksistens er å utvikle seg frå eitt til noko anna. Hovudfigurane i denne teleologiske verdsoppfatning er Herder, med verket *Om menneske-*

hetens filosofihistorie (1784-89), og Hegel, med *Forelesninger om filosofihistorien* (1818-30).

Dette historiesynet kjennetegner ein att også hos Aasen. Han oppfattar norsk kulturell utvikling, norsk historie og det norske målet som delar av eit ei-naste omgrep om norskheit. I fylgje Aasen er det norske folket forbunde med ei organisk, heilskapleg utvikling som kan fylgjast attover i tid - heilt til ein opphavelig norskdom. Dette er norskhetens telos: den norske kulturelle, historiske og lingvistiske harmonien gjennom historie. Denne utviklinga, fortel Aasen, har vorte avbroten av Danmark (til dels også Sveriges) kulturelle hegemoni. På den måten kan ein oppfatte det moralske grunnlaget for norsk målreising som ein freistnad på å finne att det eigentleg norske. Klargjer ein kontinuiteten i den norske språkutviklinga, så set ein det norske telos att på sporet.

#### 4.7 *Filosof og folkeopplysning*

Hjå Aasen fungerer danning som eit grunnprinsipp og folkeopplysning som ein praktisk strategi. Han var ikkje den første til å tenke slik. Fransk opplysningsfilosofi kan til dels forståast som eit pragmatisk tiltak med det siktet å engasjere folket til politiske formål. Voltaire, Diderot, d'Alenbert og andre forfattarar bak *Encyclopédie* delte to prinsipp, begge basert på overtvinging om formuftas universalitet. Den eine var at alle har krav rasjonelle handlingsmønster til disposisjon. Den andre var at alle har krav på opplysning. Samankopling av formuft og universalitet synest òg å vere eit prinsipp bak Aasens politisk-strategiske tiltak. Folk skulle opplyst til sjølvstendige og suverene individ. Landsmålet skulle brukast til dette formålet. Det å ta i bruk eit mål som låg folk nærare, skulle føre til både politisk og kulturell makt og til auka sjølvforståing. Slik vart målreisinga innskriven i den same rasjonaliseringsideologien som var framme mest i all europeisk tenking på den tida.

Det organiske og naturlege utviklingsomgrepet, som ein kan påtreffe i mange former på slutten av 1700-talet og byrjinga av 1800-talet, let seg lett omsetje til eit danningssomgrep. Den tyske romantikkens "Bildungsroman" hos Goethe og Lessing o.a. er dei mest kjende døma. Forteljing vert oppfatta som ein danningssomgrep eller meir presist som ein utdanningsprosess. Idéen om røyndom, forstått som utvikling, og historie som menneskeleg "tilblivelse" brukte bliete om danning òg. Danninga opererer med ein mektig logikk som både inneber at ein vert seg sjølv ved å fordjupe seg i eins indre essens og indre forandring, og at

ein vert annleis, at ein utviklar seg til noko nytt. Både Herder, Hegel, Fichte, Schiller, i *Brev om menneskets estetiske utdannelse* (1786), og Kant, i *Om den evige freden* (1795), drøftar variantar av denne ideen. På det siste området kan ein sjå nærare på danningssomgrepet hos Aasen i samband med europeisk (tysk) "Bildung".

### 5. Ivar Aasens omgrep om språket i Noreg

"Om vort Skriftspråk" frå 1836 reflekterer den språkdebatten som stod her i landet i byrjinga av 1830-åra, der spørsmålet om den nye nasjonens skriftspråk stod sentralt. Skriftet representerer likevel noko meir enn eit innlegg i ein tidsrelatert polemikk om språk og nasjonalitet: "Om vort Skriftspråk" viser Ivar Aasens språkviskaplege ståstad. Her finn vi ki-men til Aasens seinare målreisingssprogram og einestående viskaplege prosjekt. Artikkelen speglar på den eine sida Aasen si forståing av språk og språkviskap, på den andre sida forståinga av dei kulturelle og politiske samanhengane språket inngår i.

#### 5.1 *Språket som teikn*

Allereie i innleiinga til skriftet slår Aasen fast samanhengen mellom kulturelle og politiske omgrep og språk. At Noreg vert framsilt som nasjonalstat inneber også eit krav om ei allmenn gyldig norsk språkform. Dermed framhevar Aasen språket sin ideologiske funksjon, gjennom dei kulturelle og politiske samanhengane språket inngår i. Han koplar saman nasjonalitet, individ og språk. Samtidig fungerer nasjonaliteten som tyngdepunkt i argumentasjonen hans, og det nasjonale vert synleggjort gjennom språket. Språket representerer dermed noko anna, nemleg nasjonaliteten, samtidig som dette andre er representert i språket. Dette gjer språkprosjektet hans til eit legitimeringsprosjekt - ei legitimering av det norske.

Det at Noreg har eit nasjonalt språk, er eit symbol for nasjonaliteten. Språket representerer nasjonalitet samtidig som nasjonaliteten er representert i språket. Aasen har på denne måten teke omsyn til omgrepet om språket, ved at språkets innhald, den ideologiske funksjonen det har (signifikanten), er skilt frå eller transcenderer det språklege uttrykket (signifikanten). Denne koplinga mellom språk og nasjon gjer samtidig språket til eit teikn, og det er nettopp språket sin funksjon som teikn som gjer ei slik kopling mogleg.

Denne koplinga mellom språk og nasjon kan knyttast til omgrepet 'nasjonalitet'. Det er ein samanheng mellom språk og nasjon som kan karakteriserast som naturgjeven. Språket er ei naturgjeven vidareføring av nasjonaliteten. Individets rettar og nasjonens sjølvstende blir sett på line med språkets naturlege essens. Dei er, etter si bestemming, uttrykk for ein innebygd og gjennomgripande rasjonalitet. Denne rasjonaliteten er ein del av ein felles natur, ein heilskap som er forut for og over delane/dei ulike elementa som inngår i denne heilskapen.

Aasens forestillingar om språket som teiken artar seg difor ikkje som ei språkleggjer av tilværet, som ein utvikla teiknteori; erkjenninga er ikkje blitt språkleggjord. Det er snarare ei forestilling om ein naturgjeven samanheng mellom språk og nasjon som kjem til uttrykk i Aasens skrift. Følgjene av dette synet er at dersom ein aksepterer individets natur, må ein også akseptere at individet har tilgang til eit fritt og sjølvstendig språk.

Men dermed blir språket oppfatta som ein konstruksjon, resultatet av ein frambringingsprosess. Denne konstruksjonen må forståast i forhold til historia, som ei forestilling om språkleg lineartitet. I eit slikt organisk perspektiv vil ein oppfatte språket som eit naturleg fenomen, og menneskets bruk av språket som ei vidareføring av menneskenaturen. Historia er den lineære utviklinga av ei djupare, meir opphavelig tyding, og måleislinga blir den naturlege vidareføringa av folkets kulturelle utvikling, samtidig som denne utviklinga artikulerer seg gjennom språket. Slik sett kan det å rekonstruere eit tidlegare steg av språket bli oppfatta som utslag av ein naturleg prosess, ein prosess som tar sitt opphav djupt i folkemedvitet.

Aasen oppfattar ikkje samfunnstilhøva som språkskapte, dei er ikkje konstituerte gjennom språket. Derimot er det ein naturleg samanheng mellom dei. Språket blir heller ikkje oppfatta som ein konstruksjon av eit erkjennande subjekt, som det erkjennande subjektets eige produkt. Språket er naturgjeve, ein del av ein felles natur. Denne kan difor berre forståast via historia. Aasen har dermed ikkje innatt den moderne filosofens forestilling om subjektets sjølvmedvitne og aktive rolle.

## 5.2 *Språket som prosjekt*

Det er språket sjølv som er eit objekt i artikkelen til Aasen, og det er språket han gjer til eit objekt for vitenskapleg granskning. I relasjon til forestillingane om språkets 'naturlegheit' blir Aasens prosjekt på dette nivået å

gripe språket sin 'natur'. Denne naturen blir oppfatta som ein (skjult) systematikk: "Middelpunktet, hvorum det dreiede sig". Språket sin empiriske manifestasjon skjuler ein naturleg systematikk, og denne natur kan avdekast gjennom ei granskning av "Folkesproget", som ei "Sammenligningen af Landets Dialekter". Dermed har Aasen gjeve tilkjenne eit språksyn: bak massen av einskildspråk (dialektar) var det ein basis, ein språkstruktur, som hindrar språkutviklinga å bli "en evig Opbyggen og Nedreven". Det er denne skjulte systematikken, som, når han er avdekket i språkmassen, skal bli mønstret for det framtidige språket - "et Grundlag for dem Alle".

Men kva er denne skjulte systematikken, denne basisen som skulle vere eit grunnlag for alle dialektane? Aasen meinte at 'hovudspråket' skulle bestemmast gjennom samanknningar og utveljingar med bakgrunn i innvalsingsarbeid av dialektane i landet. Vi må forstå dette slik at han meinte det var mogleg å abstrahere ein skjult systematikk ut av den empiriske dialektsmassen. Men denne systematikken er ikkje ein a posteriorisk (dvs. erfarings- og empiribasert) systematikk som språkgranskaren 'konstruerer' gjennom ein lingvistisk systematikk. Aasen sin innfallsvinkel var det motsette. Hans syn var at det fanst eit a priorisk (dvs. på førehand gjeve) grunnlag for dialektane. Det fanst ein skjult, men logisk nødvendig føresetnad for det observerte, og det var denne systematikken det var vitenskapsmannen si oppgåve å oppdage eller rekonstruere.

Det ligg ingen substansiell reduksjonisme i dette synet på språkssystematikken. Det viser til forestillinga om ein naturleg gjeven systematikk, ein som både er lausripen frå og som kjem før det empiriske grunnlaget. Som ein faktisk a priorisk systematikk står han så å seie over det konkrete og manifeste talemålet. Det er denne som skal avdekast gjennom dialektstudium, slik at empirien skal fungere som ei stadfesting av, ja, ei oppfyljing av ein språkprofeti om denne. Det er ingen empirisk testbar tese om systematikk som kjem fram hjå Aasen, men snarare eit aksiom om ein essens - om språket sin naturlege essens. Systemet representerer språket sin partikularitet og naturlegheit, og det var språkgranskaren si oppgåve å avdekke denne folkemålet sin legitime partikularitet.

Forestillinga om språket sin naturlegheit bygger på språket som ein rasjonalistisk storleik. Det inneber at alle språk har eit rasjonelt fundament. Språket blir ein dynamisk integrasjon av mangfald og partikularitet, både eit skjult fundament og ein empirisk manifestasjon. Det må merkast spor etter denne systematikk i mangfaldet. Den språklege overflata må vere

prega av systematikken. Han må altså vere både skjult og synleg. Dersom systematikken er skjult naturlegheit (språkets natur), må systematikken også vere rasjonell (naturleg). Dermed er samanlikning vegen frå det skjulte eller usynlege til det synlege. Den usynlege forma kan bringast fram i lyset ved å samanlikne det som er synleg, det empiriske, dei faktisk eksisterande dialektane.

### 5.3 Aasens metode

Aasen artikulterer i 1836 ei spenning mellom synet på språkets vesen og språkvitskapen (altså korleis ein skal skaffe seg kunnskap om språket). Forestillinga om språket er todelt. For det første er språket ein del av ein prosess, ein historisk prosess knytta til nasjonen. Språket er i avgjerande grad knytta til denne prosessen og kan berre forståast ut frå denne. I den prosessen inngår språket i ein integrert samanheng med nasjon og individ. Denne kan faktisk lesast ut av språket sin empiriske førekomst.

Det andre er at det er ein samanheng mellom det erkjennande subjektet, språkvitskapsmannen, og det som skal erkjennast. Det er ein grunnleggende samanheng som ytrar seg som ein likskap: det må vere eit samsvarende subjekt og objekt, mellom menneskeleg erkjennning og det språklege systemet, kan logisk sett avleisast a priori. Slik sett består språkgranskinga i å avdekke denne systematikken. Han skal ikkje abstraherast ut frå den empiriske språkmassen, han ligg der som ein realitet som skal avdekkast gjennom konfrontasjon med språkmassen.

Det ligg ei spenning i dette, ei metodologisk spenning mellom det å oppfatte dialektane som det empiriske materialet som skal granskast for di det representerer ein nasjonal legitimitet, og det å oppfatte språket som ein a priori logisk systematikk der heilskapen ligg forut for delane og dei lover som gjeld for heilskapen sine eigenskapar og verkemåte, kan avleisast i delanes eigenskapar og verkemåte. Det rasjonelle elementet i Aasens språksyn tilseier at det må ligge eit a priori samsvarende mellom dialektane i Noreg, eit samsvarende forut for erkjenninga av det empiriske grunnlaget. Språket sin natur har oppstått uavhengig av den enskild språkbrukaren eller den enskild dialekten, og det kan avdekkast gjennom ei empirisk granskning av dialektane. Men språknaturen vil ikkje

vere eit resultat av ei slik empirisk granskning. Språket sin natur er ingen konstruksjon som vitskapsmannen kjem fram til med utgangspunkt i det empiriske materialet. Snarare er det tale om ei 'gjenoppdaging' av ein objektiv og naturleg gjeven språkstruktur, eit felles rasjonelt grunnlag for vitskapsmannen si forståing av språknaturen og språket sjølv. Den metodiske utfordringa blir å avdekke denne skjulte naturen.

Det er såleis to føresetnader som ligg til grunn for Aasens metodologi. I og med at språket blir sett på som ein del av ein historisk prosess vil den historiske tilnærminga vere den naturlege. Denne avviser likevel Aasen den er ikkje erkjenningssteoretisk mogleg. Den historiske utviklinga har gjort det umogleg å følge den 'historiske' rekonstruksjonsvegen attende til det gamle språket, all den tid at språkets nasjonalitet gjekk av sporet i dansketida. Samtidig erkjenner han språket sin natur som ein a priori gjeven 'overspråkleg' systematikk, som kan konstruerast på logisk grunnlag og avkodast i det språkssystemet som var tilgjengeleg empirisk, altså dialektane. Ideelt skulle desse vegane ha falle saman, men historias løp hadde gjort at dei skildest åt. Dermed blir hans vitskaplege granskingsarbeid ei søking etter denne skjulte språknaturen, ein natur som kan rekonstruerast i det empiriske, ikkje fordi det var ein del av empirien, men fordi det låg skjult i empirien, forut for det empiriske. Empirien blir ein 'eksamen' for rekonstruksjonen av det naturlege, systematikken. Systematikken kan berre avdekkjast i konfrontasjon med empirien, og ikkje oppstå som eit resultat av empirien. Det er også eit språkleg rehabiliteringsprogram, ein freistnad på å få språket attende på sporet. "Om vort Skriftsprog" rommer difor ei metodologisk spenning mellom språket som subjekt, som innhald og ideologi, og språket som som objekt, som uttrykk, som system og som empiri.

### 5.6 Språkets eksistens

Einkvar vitskapleg modell byggjer på ei eksplisitt eller implisitt oppfatning av eksistensen til granskingsobjekta, som grunnlag for å danne teoriar om desse objekta. Dersom vi reiser spørsmålet om forankringa av det fonologiske systemet i Aasens vitskaplege modell, m.a.o. kva slag status einingane i språkssystemet hans har, skapar dette store vanskar, først og fremst fordi Aasen sjølv ikkje har skrive noko om dette, så vidt eg kjener til. Dette må då avdekkast som ein implisitt føresetnad ved hans teoridanningar. At Aasen må ha oppfatta det fonologiske systemet sitt som reelt eksisterande system, meiner eg analysen av "Om vort Skriftsprog"

har synt. Vi kan i utgangspunktet tenkje oss at denne systematikken var ein del av språket sjølv; ein inherent systematikk i språket per se. Eg meiner det er fleire ting som talar mot eit slikt standpunkt. Det første er den måten Aasen gjekk fram på når han konstruerte sin vokalsystematikk, den andre er samanhengen, eller snarare mangel på samanheng, mellom vokalsystematikken og konsonantsystematikken.

Vokalsystematikken, som Aasen arbeidde seg fram til i åra mellom summørssystematikken og 1848-grammatikken, kan seiast å vere ei føregriping av moderne vokalsystematikk på fleire vesentlege område. Han utarbeidde ein vokalsystematikk etter moderne fonologiske prinsipp, med fonem, minimale par og bincere motsetnader. Det ville vore oppsiktsvekkjande om Aasen hadde makta denne oppgåva dersom han hadde utgangspunktet sitt i språkvitskapen, slik han var på den tida Aasen utarbeidde sine grammatiske beskrivingar. Språkvitskapen hadde på Aasen si tid knappast nådd eit stadium som gjorde ein slik fonologisk systematikk mogleg. Dette var tida før den skildrande fonetikken hadde slege gjennom, og den historisk-jamførande lingvistikken var oppteken av å forklare skilnader mellom språk i genealogiske utviklingsmodellar.

Aasen stilte ikkje spørsmålet om kvifor dialektane var så ulike. Han var oppteken av å syne likskapen mellom dialektane. Denne likskapen var ikkje ein ytre likskap, som kunne beskrivast som like lydar i ulike dialektar. Det var ein likskap som måtte forklarast ved å beskrive eit underliggjande skjult system, men òg dei reglar som synta samanhengen mellom systemet og den einskilde dialekten. Dermed er dette ein freistnad på å beskrive tilhøvet mellom det universelle og det partikulære, mellom heilskapen og delane. Ulikskapen var eigentleg eit uttrykk for likskap, ein likskap som måtte avdekkjast gjennom å forklare ulikskapen. Reglane, beskrivinga av uregelmessighetene, blir for Aasen ein freistnad på å synleggjere likskapen, gjennom å forklare ulikskapane. Desse reglane var ikkje lydlover eller nødvendighet, snarare var dei reglar som forklarar kvifor dei felles ikkje kan gjenfinnast direkte i språkmassen. Aasens dialektbeskrivingar var dermed prega av det rasjonelle. Gjennom ei systematisk jamføring av dialektane ville han syne korleis eit felles system kunne påvisast i dialektane. Framgangsmåten var å beskrive ulikskapar i dialektane imellom som regelmessigheter eller reglar som forklarar avvik frå systemet. Dette kan kallast ein deduktiv og nomologisk prosess. Denne metodiske framgangsmåten kan òg vere ei forklaring på den ulike handsaminga av vokal- og konsonantsystematikken, der den tilsynelat-

tande ulikskapen her er eit uttrykk for likskap. Ligg grunnlaget for jamføringane mellom konsonant- og vokalsystematikken i dialektgrunnlaget, det empirisk gjevne dialektmateriale, kan det vere vanskeleg å forstå kvifor Aasen gjekk fram på ulike måtar når han systematiserte vokalane og konsonantane. Vokalsystematikken blir handsama som eit maksimumssystem, der det maksimale talet på vokal fonem gjekk inn i systemet. Dermed kunne dialektar med færre fonem beskrivast som ein 'mangel' i høve systemet. Konsonantsystemet blei ikkje framsatt som eit slikt maksimumssystem. Aasen systematiserte ikkje meir enn dei konsonantningane han hadde abstrahert med bakgrunn i skriftspråket, og som var færre enn talet på konsonantfonem som han fann i dialektane han granska.

Dersom vi ser Aasen sin metodologiske framgangsmåte som ein deduktiv og nomologisk prosess, der generaliseringane av systemet fungerer som ei forklaring av systemet, vil nettopp likskapen mellom systema vere eit prov for at teorien står seg. I denne samanhengen er det likskapen mellom vokal- og konsonantsystematikken som står fram som dei vesentlege i beskrivingane. Gjennom arbeidet sitt med språkteoriane harmoniserte Aasen tilhøvet mellom vokal- og konsonantsystematikken, dels gjennom samordning av talet på einingar i systemet (til 15) og dels gjennom den artikulatorisk-fonetiske forankringa av termene i systemet. Dermed står systematikken som dei sentrale i Aasen si beskriving av vokalane og konsonantane. Systemet står både forut for og over vokalane og konsonantane som han observerte i den einskilde dialekten. Det er dette systemet som så å seie uttrykkjer språket sin natur og er det rasjonelle elementet i Aasen sitt språkssyn. Det naturlege kan avdekkjast i konfrontasjonene med einingane, ikkje oppstå som eit resultat av empirien. Det er denne språknaturen, uttrykt som søking etter ein skjult systematikk, som er Aasens vitskaplege prosjekt.

Gjennom deduktiv-nomologisk metodologi kunne han generalisere denne systematikken til stadig større språkområde. Dette opna for å beskrive eit dialektomfang som det ville ha vore umogleg å gjennomføre ved induktiv ideografisk metode. Samtidig plasserte dette han i opposisjon til den empiriske fonetikken substansielle orientering, då fonetikken voks fram med ei klar orientering mot den fysiske substansen - som ein vitskap om lyd og lydanning. I eit slikt metodologisk perspektiv vil nok Ivar Aasens systematisering av dialektane kunne oppfattast som det første famlende forsøket på å beskrive dialektmassen i Noreg. Vi kan, i

tråd med dette, konkludere med at den metodiske prosessen som ligg til grunn for den måten Aasen handsama dialektane i Noreg var ein føresetnad for at han skulle greie å gjennomføre det han allereie i "Om vort Skriftsprog" hadde sett seg føre: "Det er ikke min Hensigt hermed at fremhæve nogen enkelt af vore Dialekter; nei ingen saadan bør være Hovedsprog, men dette skulde være en Sammenligning af, et Grundlag for dem Alle".

## Møte med hovudstaden for hundre år sidan.

av *Bernt Støylen*

Bernt Støylen frå Kvamsøy ville verte prest. Først gjekk han eit førebuingsskurs til studenteksamen hjå presten Erik Olsen i Kvinnherad. Kom så inn på Helberg «studentfabrikk» der han tok examen artium i 1879. Han fekk hybel hjå frøkna Bøckman i Rosenborggt.2. Der budde òg den gamle eventyrforteljaren Asbjørnsen, som Støylen var kjend med. Den unge Moltke Moe, son til Jørgen Moe, vanka ofte hjå Asbjørnsen for å samtale med Asbjørnsen om eventyra og deira vandringar frå land til land. Han vart med åra ein god ven med Støylen.

Samveret med Asbjørnsen og Moltke Moe fekk mykje å seie for den unge summmørguten. Etter studenteksamen fekk Støylen plass i «Studentheimen». Han var heldig å kome «innfor lukkeringen» som Anders Hovden brukte å seie.

Siste året Bernt Støylen livde - i 1937, heldt han foredrag i Bondeungdomslaget i Oslo om korleis det var å møte hovudstaden som ung student kring 1880. Summøre Historielag har fått foredraget frå bis-kop Kåre Støylen, son til Bernt Støylen:

«Hausten 1878 kom eg til Oslo og skulde lesa til studenteksamen. Det var ikkje godt for ungdom frå bondebygdene å finna seg til rette i Oslo den tida. I so måte er det eit stort umskifte i desse 60 år. Den gongen fanst det ingen stad der ein bondegut kunde gå og møte kjeningar og ha heimslag bygge. Her fanst ikkje bondeungdomslag eller noko som likna på det. Her fanst heller ikkje eit einaste fylkeslag for landsungdom, ikkje Teilelag eller Valdreslag eller Sørlandslag eller Summørslag eller Hålsøslag osv. No hev ungdom frå mest alle større bygdar sine lag og samkomor og koselege møtestader og styrerom, ja heile hus med herberge for landsungdom midt i tjukke byen. Land og by er i so måte kome langt nærare saman enn mange veit, og dette er veksande for kvart år.

Den gong fanst her ikkje ei einaste kaffistove der ein kunde gå inn og få seg god og heimleg mat og setja seg i fred og lesa eit blad eller tale med ein kjening. Dei gjestgivarhus og restaurantar som fanst her i den tid var lite tenlege for skulegutar. Dei billege stadene var lite heimslage og ofte var det drikk og uro der. Flestalle låg i tronge gater og hadde små og utri-